

Handlingsplan for skogbruket i Rogaland 2010 - 2013

Forslag



Handlingsplan for skogbruket i Rogaland 2010 - 2013

Forord

Både skognæringa og skogforvaltninga langs kysten har siste 10 åra sett at den nasjonale skogpolitikken ikkje har fungert optimalt for skogbruket i kystfylka. Ein del fylkespolitikarar i Trøndelag tok difor initiativ til ei felles utgreiing. Ni fylkeskommunar langs kysten, frå Rogaland i sør til Finnmark i nord, samla seg deretter gjennom sine landsdelsråd/-utval for å utarbeida ei Melding om kystskogbruket. Denne blei lagt fram i januar 2008. Meldinga har to hovudbodskapar: a) Verdiskapinga i skognæringa kan meir enn doblast, til 45 milliardar kroner pr. år b) Det er potensial for å auka CO₂-fangsten i skog langs kysten med inntil 10 mill. tonn pr. år.

Meldinga blei sendt på høyring til dei aktuelle fylkeskommunane. Fylkestinget i Rogaland slutta seg i hovudtrekk til innhaldet i Meldinga, samstundes som det bad Regional- og kulturutvalet om å følgja opp Meldinga ved å laga ein Handlingsplan for skognæringa i Rogaland. I dette ligg at Rogaland fylkesting vil vera med å utvikla skogsektoren i fylket for å oppnå større lokal verdiskaping, og til å kunna bli ein viktig faktor i arbeidet med reduksjon av CO₂ i atmosfæren.

Skogressursane i Rogaland har over lang tid blitt dårleg utnytta trass i at produksjonsevna per dekar er det doble av landsgjennomsnittet. Som bakgrunn for Handlingsplanen ligg difor eit politisk ønskje om å få ei meir berekraftig utnytting av skogressursane i fylket, slik at både verdiskapinga kan auka og skog og skogsprodukt kan få større verdi i klimasamanheng.

Regional- og kulturutvalet valde ei styringsgruppe for arbeidet og bad fylkesskogsjefen hos Fylkesmannen om ta det faglege ansvaret for Meldinga. Til hjelp i arbeidet blei det sett ned ei faggruppa med representantar frå skognæringa, kommunane, fylkeskommunen og Fylkesmannen. Under arbeidet har så vel naturvern- og friluftsansjonar som næringsorganisasjonar og kommunane blitt invitert til å komma med innspel og kommentarar.

Handlingsplanen legg, som Meldinga, til grunn at føreslåtte tiltak og aktivitetar skal liggja innafor gjeldande lovar og forskrifter på miljøområdet og dessutan vera i samsvar med aktuelle sertifiseringssystem for skogsdrift.

Det er lagt opp til at gjennomføring av tiltak og aktivitetar føreslått i Handlingsplanen skal skje i eit partnarskap med fylkeskommunen, skognæringa, kommunane og Fylkesmannen. For fylkeskommunen er dette eit nytt og spennande fagfelt, men som regional utviklingsaktør meiner styringsgruppa at også skogsektoren er ein del av ansvarsområdet til fylkeskommunen.

Styringsgruppa

Arne Bergsvåg (Sp)
leiar

Karl Eik (V)

Marianne Torbjørnsen (Frp)

	Forord	
1.	Prioriterte tiltak	
2.	Bakgrunn for handlingsplanen	
3.	Skog og skogbruk i Rogaland	
3.1.	Fakta og nøkkeltal	
3.2.	"Situasjonsrapport"	
4.	Melding om kystskogbruket	
4.1.	To hovudbodskapar	
4.2.	Oppfølging av Meldinga	
5.	Handlingsplan – visjonar, mål og strategiar	
5.1.	Visjon	
5.2.	Mål	
5.3.	Strategiar	
6.	Prioriterte tiltak for skogbruket i Rogaland	
6.1.	Skog og klima	
6.2.	Skogsvegprogram, flaskehalsar mv.	
6.3.	Sikring av skogareal og oppbygging av kvalitetsskog(ressursar)	
6.4.	Skogeigarpolitiske tiltak	
6.5.	Foredling og marknad	
6.6.	Kompetanse, forskning og utvikling	
6.7.	Rettleiingsteneste	
6.8.	Ekstern og intern kommunikasjon i skognæringa	
6.9.	Oppfølging og tilpassing av nasjonal skogpolitikk	
6.10.	Oppfølging av fellesprosjekta i kystskogbruket	
7.	Aktuelle tiltak for oppfølging av prioritert aktivitet, 2010 - 2013	

1 Prioriterte tiltak

For å nå målsettingane i handlingsplanen er det ei rekkje større og mindre tiltak som må gjennomførast. Dei fem viktigaste tiltaka er kort omtala nedanfor. Alle desse tiltaka fordrar oppfølging på fylkesnivå.

1. Utnytt skogen sine fortrinn i klimasamanheng

Skogen si enorme evne til opptak og lagring av CO₂ gjennom fotosyntesen kan utnyttast langt betre i Rogaland. Substituering av byggjeråstoff og energiberarar med store CO₂-utslepp med CO₂-nøytralt skogsvirke gir store klimagevinstar.

Det bør leggjast til rette for vekst i skogproduksjonen i fylket og dermed vesentleg større opptak og lagring av CO₂. Dette kan skje ved å setja høvelege areal i produksjon med høgtproduserande kvalitetsskog.

Det må vera eit mål å bruka vesentleg meir kortreist trelast til byggjeri, og bruk av bioenergi bør gjennom påtrykk og tilrettelegging aukast vesentleg. Jf. her Regionalplan for energi og klima.

2. Utbygging av infrastrukturen

Rogaland har berre halvparten av skogsbilvegnettletiken som resten av landet.

Ein rasjonell og berekraftig bruk av skogressursane i verdiskapings- og klimasamanheng fordrar eit vegnett som minst er på høgde med landsgjennomsnittet.

Dette krev både aksept for ein betre infrastruktur på skogareala, og det krev større økonomisk medverknad frå det offentlege enn det som har vore tilfelle siste 15 år.

Det er også ei rekkje flaskehalsar på det offentlege vegnettet i distrikta. Dette hindrar effektiv og miljøvennleg transport av skogsvirke. Slike flaskehalsar bør ha høg prioritet for utbetring.

3. Kompetanseheving i næringa og rettleiingsapparatet

Det er få og svake næringsklynger i skogsektoren i Rogaland. Vekst, utvikling og verdiskaping i sektoren fordrar vesentleg høgare kompetanse. Skogsektoren har mange aktørar, ikkje minst på skogeigarsida. Utvikling av næringa krev difor også eit kompetent rettleiingsapparat, noko som i stor grad manglar i dag.

Det må leggjast betre til rette for at alle interesserte kan få ta skogbruksutdanning som vidaregåande opplæring på naturbruksskolar, anten i Rogaland eller i andre fylke. Det bør leggjast til rette for større grad av næringsretta utdanning, bl.a. gjennom lærlingordning og fagbrev.

I tråd med Meldinga må vi også i Rogaland greia ut ulike høve for å oppgradera rettleiingsapparatet i skogsektoren. Siktemålet må vera høgare kompetanse og større innovasjonskraft i næringa.

4. Langsiktig areal- og ressursforvaltning

Skogen si positive evne i klimasamanheng og evne til verdiskaping i distrikta er heilt avhengig av ei langsiktig og føreseieleg areal- og ressursforvaltning. Det er difor viktig å verna dei beste skogproduksjonsareala for framtidig skogproduksjon. Meldinga føreslår å oppretta spesielle klimaskogar på høvelege areal som i dag ikkje er i aktiv produksjon. Jf. også St. meld. nr. 39 (2008 -2009) Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen.

Det er avgjerande for framtidig verdiskaping og opptak av CO₂ at det blir reist ny skog av høg kvalitet på alle hogstflater. I Rogaland betyr det i dei fleste tilfelle planting av granarter og lerk. Det er viktig både for klimaet og verdiskapinga at det blir valt rett treslag på den enkelte lokalitet.

Utan aksept for bruk av vitskapleg tilrådde treslag, vil ikkje kystskogbruket kunna skapa dei verdiane og den CO₂-bindinga som Meldinga legg opp til.

5. Lokal foredling og bruk av lokalt virke – til byggjeri og bioenergi

Størstedelen av verdiskapinga på skogsektoren skjer gjennom foredling av tømmeret – anten til trelast, papir eller bioenergi. Mesteparten av denne foredlinga skjer i dag i andre fylke, og til dels i utlandet.

Papirproduksjon krev store volum og må samlast på nokre få fabrikkar i landet. Men produksjon av trelast og bioenergi bør i langt større grad føregå lokalt i Rogaland. Lokal og kortreist trelast er også miljøvennleg. I dag blir 95% av behovet for trelast kjøpt utanfor fylket.

Det bør leggjast til rette for at ein langt større del av trelastbehovet kan dekkast av lokalt råstoff. Det vil gi sysselsetting og verdiskaping i distrikta, og det vil gi store miljøgevinstar – i tillegg til dei meir generelle miljøgevinstane ved å byta ut stål, betong og aluminium for fornybar og klimanøytral trelast.

Rogaland brukar i dag svært lite bioenergi. Ved god utnytting av det råstoffet som ikkje kan nyttast til trelast, vil skogsektoren i fylket minimum kunna levera bioenergi til 25 000 einbustader – til oppvarming og varmt vatn. Eit av

dei viktigaste politiske tiltaka i dag vil vera å leggja til rette for vesentleg større etterspørsel etter biovarme. Jf. her også FDP for energi og klima.



2. Bakgrunn for handlingsplanen

I *Melding om kystskogbruket* er det føreslått at fylkeskommunane skal ta eit større politisk ansvar for skogsektoren i kystfylka, som i Meldinga er kalla "kystskogbruket". Rogaland fylkesting slutta seg i møte 10. juni 2008 til Melding om kystskogbruket, og det vedtok at Regional- og kulturutvalet skulle utarbeida ein handlingsplan for forvaltning av heile næringskjeda innanfor skogressursar i Rogaland. I dette ligg at Rogaland fylkesting vil vera med å utvikla skogsektoren i fylket for å oppnå større lokal verdiskaping, og til å kunna bli ein viktig faktor i arbeidet med reduksjon av CO₂ i atmosfæren.

Handlingsplanen for skogbruket i Rogaland byggjer på dei visjonar, mål og strategiar som ligg til grunn i Melding om kystskogbruket. Det betyr mellom anna at handlingsplanen gjeld heile skogsektoren, frå skogplanteforedling til sluttforedlar og sluttprodukt – som panelar, møblar eller biovarme. Det betyr også at det berre er verdikjeder med basis i trevirke som blir omhandla her. Andre næringskjeder knyta til skog og skogareala er ikkje tatt med. Heller ikkje andre verdiar som biologisk mangfald, kulturminne og rekreasjon er ein direkte del av denne handlingsplanen. Det er likevel ein føresetnad at alle føreslåtte tiltak i denne planen skal kunna gjennomførast i tråd med dei lovar, forskrifter og miljøsertifiseringssystem som til ei kvar tid gjeld.

3. Skog og skogbruk i Rogaland


Skogen i Rogaland har ein årleg tilvekst på minst 400 000 kubikkmeter. Tilveksten har auka gjennom heile førre hundreåret og vil truleg halda fram å auka enno nokre år framover – for deretter å minka av. Trass i kraftig oppbygging av skogressursane i Rogaland i skogreisingstida, får marknaden i fylket vårt for lite "kortreist" råstoff.

Det er etterspørsel etter kortreist råstoff, særleg spesialsortiment. Fleire arkitektkontor har siste året spurt etter lokalt råstoff. Avverkinga i fylket har auka kraftig, men har

likevel siste fem åra i snitt vore mindre enn 20% av tilveksten. Det er såleis eit vesentleg større berekraftig volum å henta i skogane – både til byggjeri og til bioenergi.

Både nasjonalt og regionalt rettast det no auka merksemd mot skognæringa. Spesielt er potensialet for auka avverking, råstofftilgang til industrien, bioenergi og skogen sin verdi for klimaet sett på dagsorden. Stortinget sette for nokre år sidan fokus på auka avverking, og regjeringa bad alle fylke gjennomføra prosessar og analysar for å avdekka utfordringar og moglege tiltak.

I Rogaland kom vi fram til at auka avverking og verdiskaping er avhengig av ei rekkje langsiktige og føreseielege tiltak. Menneskelege ressursar med kompetanse for gjennomføring av ein vitalisert skogpolitikk er mangelfull i vårt fylke. Auka avverking må sjåast i samanheng med auka verdiskaping og sikring av ny kvalitetsskog.



3.1. Fakta og nøkkeltal

Vestlandsfylka er ulike skogstroka både med omsyn til skogareal, volum, tilvekst, skogtilstand, terreng og avverking. Her finst ein større prosentdel høgtproduserande areal, meir vanskeleg terreng, utfordrande logistikk og fleire små eigedommar. Dessutan er skogarealet fragmentert, granarealet er lite (11% av skogarealet), men har høg tilvekst. I tillegg er hogsten liten i høve til tilveksten/balansekvantumet.

Skogressursane er under oppbygging grunna innsatsen i skogreisingstida på 1950, -60 og -70-talet. Areal, volum og tilvekst er framleis aukande. At skogreisinga har vore vellukka med tanke på verdiskaping ser vi allereie i dag, men den store "granboomen" på Vestlandet, og i Rogaland, kjem først om 15-25 år, med ein tømmerstilgang av gran og sitkagran 5-10 gonger så stor som dagens avverking. Dette, og det faktum at mesteparten av alt avverka tømmer i dag blir sendt ut av fylket for foredling, medan trevareindustrien i Rogaland dekkjer 95% av trelastbehovet sitt gjennom import frå andre delar av landet, viser at vi i Rogaland har ei stor utfordring. Men vi har også eit stort potensial for auka verdiskaping. Råstoffa og marknaden er der, men utvikling av skogsektoren og samkjøring av marknaden er nødvendig for å kunne utnytte dette.

Skogreisinga har nærast stoppa opp dei siste 10 åra. Dette får store konsekvensar for verdiskapinga på sikt. Tilveksten vil om nokre år minka av, og dermed vil ressursoppbygginga og verdiskapinga også minka.

Ulike tilstandar i skogen og i terrenget gjer også at tradisjonen og kulturen for skognæringa er heilt annleis i Rogaland i høve til skogstroka. Dette er viktige faktorar som må vurderast ved val av strategi for å auka aktiviteten i rogalandsskogbruket.

Rogaland er eit av dei minste skogfylka i landet. Arealmessig om lag som Vestfold, men med mindre ståande volum og vesentleg mindre avverking.

Nøkkeltal for primærskogbruket i Rogaland

2 000 000	daa skogareal
1 400 000	daa produktivt skogareal (dvs. potensiell tilvekst over 0,1 m ³ /daa/år)
12 000 000	m ³ ståande volum
400 000	m ³ tilvekst årleg
80 000	m ³ årleg avverking (inkl. heimeforbruk)
5 700	skogeigarar registrert i skogfondsregisteret
250	daa - gjennomsnittsskogeigedommen

Kjelder: Landskogtakseringa (just.) og skogfondssystemet

Grandominert skog dekkjer 16% av produktivt skogareal, men står for 32% av tilveksten.

Furudominert skog dekkjer 45% av produktivt skogareal og står for 33% av tilveksten.

Lauvdominert skog dekkjer 39% av produktivt skogareal og står for 35% av tilveksten.

I forhold til totalt skogareal dekkjer grandominert skog 11% av arealet.

Skogarealet er aukande grunna attgroing, spesielt med mindreverdige lauv. Potensielt hogstkvantum vil auka sterkt dei neste 15 – 25 åra når store delar av gran- og sitkagranskogen blir hogstmogen.

Produksjonsevna per arealeining er i snitt dobbel så stor på Vestlandet som gjennomsnittet for landet. Når landsdelen samstundes har ei svært låg utnytting av skogressursane, viser dette ein lite berekraftig bruk av desse ressursane.

Betre rammevilkår for vestlandsskogbruket vil truleg difor vera samfunnsøkonomisk svært lønnsamt.

Økonomisk drivverdig areal

Av ulike grunnar er ikkje all biologisk produktiv skog drivverdig. Delar av skogarealet kan ikkje drivast av økonomiske årsaker, men det er vanskeleg å talfesta dette fordi økonomien varierer mykje med vekslende tømmerprisar og til dels driftskostnader.

Andre delar av skogarealet kan ikkje nyttast til økonomisk verdiskaping grunna ulike naturverdiar, som t.d. ønske om å ta vare på biologisk mangfald eller areal til rekreasjon.

Som eit grovt overslag kan vi rekna med at mellom 60 og 75% av det produktive skogarealet er økonomisk drivbart, gitt dei variasjonane i tømmerprisar vi har hatt siste åra kombinert med driftskostnader og dagens rammevilkår med omsyn til skogfond, tilskotsatsar mv.

Foredling av skogsvirke

Storparten av foredlinga av skogsvirke føregår utanfor fylket. Alt massevirke blir skipa ut av fylket og storparten av sagtømmeret går også til sagbruk i Hordaland og til Europa. Det er mange små gardssager rundt omkring i fylket, men foredlingsvolumet er førebels lite. Energivirke foredlast og brukast i all hovudsak lokalt i Rogaland. I sum blir berre ca 15% av avverkinga foredla lokalt, og tillegg gjeld dette virke med låg foredlingsgrad.

Rogaland har mange små og store trevare- og møbelindustribedrifter. Over 1500 personar er sysselsette i desse om lag 75 bedriftene.



3.2. "Situasjonsrapport"

Det er i dette kapitlet forsøkt å gi eit augneblinksbilete av utviklinga i skogsektoren i Rogaland.

Hogst

Det er grana som no dominerer hogststatistikken. Hogst av furu og lauv representerer ein stadig mindre del av hogsten. Årsaka er at det er grana, og til dels sitkagrana, som gir eit positivt økonomisk resultat ved hogst.

Dette har resultert i at det i dag er ei overavverking av gran. Gran (og sitkagran) står for 75% av det registrerte hogstvolumet, og mykje av hogsten skjer i relativt ung, ikkje hogstmoden skog, 40–60 år. Det er ved denne alderen skogen har best tilvekst, og dermed både størst verdiauke og høgast CO₂-opptak. Dagens hogst av gran er såleis ikkje berekraftig.

Resultat frå tømmermålinga viser at gran frå Rogaland har kvalitet på høgde med gjennomsnittet for Austlandet. Dette viser at skogreisinga med gran som hovudtreslag er blitt ein suksess, både i kvalitet, produksjon og økonomi. Mykje tyder på at også sitkagran vil komma til å gi god kvalitet. I produksjon ligg sitkagran klart over vanleg gran.


Skogkultur

Planteaktiviteten i Rogaland er sterkt redusert etter 2003 då statstilskotet til planting fall bort. Sjølv om tilskotsordninga kom på plass att, har ikkje investeringane i skogkultur tatt seg nemneverdig opp. Med rekordstor hogstaktivitet dei siste 3 åra er det no eit stort avvik mellom snauhogd areal og tilplanta/forynga areal. Rogaland har lite skogsmark eigna for naturleg forynging. Ny kvalitetsskog basert på naturleg forynging vil ein i hovudsak kunne satse på i dei beste områda for furu (indre strok) med visse unntak. Det er difor ofte berre planting som i praksis sikrar tilfredstillande forynging. Naturleg forynging er difor ikkje noko forklaring på liten planteaktivitet i vårt fylke.

Når vi haustar utan å syte for tilfredstillande forynging, får vi ein skog med mindre biomasse og lågare kvalitet på virket. Slik byggjer vi systematisk ned skogen som verdiskapar og CO₂-lager, og vi bryt samstundes kjeda som gjer biobrensel klimanøytralt.

Med så låge investeringar i planting/forynging over tid, vil det få store konsekvensar for kvalitet, produksjon og framtidige inntekter frå skogen i Rogaland. Det vesle granarealet vil bli endå mindre.

Fylket har også eit stort etterslep på stell av ungskog. Dei siste åra er det utført ungskogpleie på berre 2000-3000 daa årleg. Behovet er langt større, truleg minst det firedoble.



Skogsvegbygging

Rogaland er blant fylka med dårlegast vegdekning på produktivt skogareal. Likevel har investeringane innan vegbygging vore svært låge etter 2003. Årsakene til dette er samansette, men viktigast er truleg lite rettleiings- og motiveringsressursar saman med reduserte løyvingar og høge byggjekostnader under høgkonjunkturen. Fylket har framleis store høgproduktive areal utan vegdekning. Og utan vegutløyising for desse areala vil vi ikkje kunna nå målsetjingane for verdiskaping og CO₂-binding.

Taubane

Svært liten del av hogsten i Rogaland har dei seinare åra blitt teke ut med taubane (3%). Dette trass i at ein stor del av det hogstmodne volumet står i bratt terreng. Hovudårsaka har vore mangel på profesjonelle entreprenørar og svak økonomi. Meir terrenggåande hogstmaskinar og lassberarar kombinert med enklare vegbygging, taklar i dag det enklaste av det bratte terrenget.

Pyntegrønt

Juletre- og pyntegrøntnæringa har i mange år arbeida målretta mot innanlands- og utanlandsmarknaden. Fokus på kvalitet og profesjonalitet hos enkeltprodusentar, samt eit aktivt rettleiingsapparat, har gitt resultat. Fleire nye marknadskanalar, spesielt mot utlandet, gir grunn til optimisme i næringa og store moglegheiter for dei som vil å satsa. Etterspurnaden aukar og næringa treng fleire profesjonelle produsentar.

Rogaland er det førande juletrerefylket med optimale produksjonsforhold. Høg kompetanse i forsøkringsystemet er og ein viktig faktor for den positive utviklinga vi ser i juletrenæringa. Med dei marknadsutsiktene ein no ser, finst det eit stort potensiale for ytterlegare vidareutvikling av juletre- og pyntegrøntnæringa i fylket, både mot innanlands- og utanlandsmarknaden.

Foredling

Som tidlegare nemnt føregår storparten av foredlinga av skogsvirke utanfor fylket. For massevirke til papir mv. er dette naturleg fordi det er ei internasjonal næring som krev store volum for å vera konkurransedyktig. Til byggjeri og trevareindustrien kunne ein

langt større del komma frå lokalt tømmer. I dag blir 95% av behovet kjøpt utanfor fylket. Her er det difor gode utsikter til å kapra ein større prosent av marknaden. Det er også svært liten produksjon av bioenergi fordi det mest ikkje finst biovarmeanlegg i fylket. Men også på dette området er det eit stort potensial.



4. Melding om kystskogbruket

Ni fylkeskommunar, frå Rogaland i sør til Finnmark i nord, bestemte gjennom landsdelsråd/-utval i 2006 at det skulle utarbeidast ei Melding om kystskogbruket. Meldinga var ferdig i januar 2008, og har i tida etterpå vore til politisk behandling i alle ni fylkeskommunar. Ingen fylkeskommune har vore negative til meldinga, men i all

hovudsak stilt seg positive til innhaldet og forslag til oppfølging. Også skognæringa har klart gitt uttrykk for at den støttar arbeidet med meldinga, og i fleire fylke har næringa starta arbeidet med oppfølging av felles tiltak.

Melding om kystskogbruket legg opp til å løysa utfordringane dels gjennom oppfølging av felles tiltak i alle ni fylke og dels gjennom oppfølging av spesielle og konkrete utfordringar i det enkelte fylke. Meldinga peikar på at oppfølginga må skje både regionalpolitisk og næringspolitisk. I tillegg bør fleire oppgåver skje i samarbeid mellom politikarar, skognæringa og offentleg skogforvaltning.

Både under prosessen med meldingsarbeidet og i etterkant har det av mange blitt peika på at gjennomføring av tiltaka best kan skje gjennom å prosjekterorganisera arbeidet. Viktige partnarar i dette arbeidet vil vera: fylkeskommunen, skognæringa og offentleg skogforvaltning både på fylkes- og kommunenivå.

4.1. To hovudbodskapar

Melding om kystskogbruket har to hovudbodskapar.

Verdiskapingspotensial

Det er eit stort unytta verdiskapingspotensial i kystskogbruket. Samla skogbasert verdiskaping i kystfylka er i dag i overkant av 17 milliardar kroner per år. Denne verdiskapinga kan aukast til 40 – 45 milliardar kroner per år. For Rogaland er den skogbaserte verdiskapinga i dag 2,25 milliardar kroner per år. Meldinga har som målsetjing å dubla verdiskapinga innan 2020.

Klimatiltak

Kystskogbruket har eit stort potensiale for auka binding av CO₂ i skogen og i skogsystema. Dette er fordi skogen langs kysten i dag har låg tresetnad (glissen), og ved god fagleg drift kan den produsera vesentleg større volum per arealeining. I tillegg ligg det til rette for å auka skogproduksjonen vesentleg gjennom skogreising, planteforedling og bruk av treslag som er meir produksjonseffektive og dermed bind større mengder CO₂.

Ved å auka verdiskapinga vil ein også auka bindinga av CO₂. Dei to hovudbodskapane er difor ikkje i konflikt med kvarandre, men tvert imot gir ei oppfølging ein vinn-vinn-situasjon.

4.2. Oppfølging av Meldinga

Det er naturleg nok lagt fleire løp for oppfølging av Meldinga. For det første skal Meldinga følgjast opp både politisk og i skognæringa. Dessutan er det aktuelt å dela oppfølgingsarbeidet alt etter om det høver for felles oppfølging langs heile kysten, landsdelsoppfølging eller fylkesvis oppfølging. Det er i starten størst innsats på felles prosjektsatsingar for alle ni fylka, med i alt om lag ti ulike prosjekt anten i gang eller i startgropa.

Det er utarbeida eit fylkeskommunalt oppfølgingsprogram som vil vera operativt med valde politikarar i løpet av 2009. Dette organet får eit særleg ansvar for å følgja opp dei felles politiske måla i Meldinga.

Det er også laga eit oppfølgingsprogram for skognæringa langs kysten. Formålet er å etablera eit formalisert samarbeid over fylkesgrensar og langs verdikjeder. Dette organet skal følgja opp felles, prioriterte tiltak i Meldinga og skal etablera ein samarbeidsstruktur med fylkeskommunane og andre aktuelle partar.

Mange av fellesprosjekta treng støtte og ressursinnsats frå det enkelte fylke for å få full effekt. Dei fylka som slik støttar opp om fellesprosjekta med konkret innsats i sitt eige fylke, vil kunna få langt større utbytte av fellesprosjekta.

Ein del utfordringar ligg det best til rette for at fylkeskommunen tek eit hovudansvar for,

men gjerne med støtte frå næringa og Fylkesmannen. Andre utfordringar må næringa sjølv ta hovudansvaret for, men med støtte frå fylkeskommunen og Fylkesmannen.



5. Handlingsplan – visjonar, mål og strategiar

Gjennomføring av tiltaka i handlingsplanen må skje i partnerskap med ei rekkje partar, mellom anna skognæringa, politikarar og skogforvaltninga. Mål og strategiar rettar seg difor dels mot skognæringa og dels mot politikarar og forvaltningsapparatet. Skognæringa i denne samanheng er dei næringskjedene som baserer seg på bruk av trevirke, fortrinnsvis virke frå Rogaland.

Andre næringskjedar med basis i skogen er ikkje med i denne handlingsplanen. Skogen sin verdi for biologisk mangfald, livsmiljø for planter og dyr og rekreasjonsområde for menneske skal takast vare på gjennom gjeldande lovar, forskrifter og marknadsstyrte sertifiseringssystem.

5.1. Visjon

”Skogbruket i Rogaland skal vera ein miljøvennleg og vekstkraftig regional verdiskapar.”

5.2. Mål

Gjennom auka produksjon, hogst og lokal foredling og bruk skal

- ▶ Verdiskapinga i skognæringa doblast innan 2020
- ▶ CO₂-opptaket aukast frå dagens nivå på 550 000 tonn CO₂ pr. år til minimum 650 000 tonn CO₂ pr. år.

Denne målsetjinga vil krevja ei medviten satsing, både frå næringa sjølv, men også i vesentleg grad frå det offentlege, frå fylkeskommunen, kommunane og staten. Det offentlege må ta ansvaret for tilrettelegging og setja overordna produksjonsmål.

Melding om kystskogbruket har splitta det overordna målet i fem hovudmål, som kvar for seg er avgjerande for å nå det overordna målet. Desse fem måla høver også for skogsektoren i Rogaland. Litt fylkestilpassa er hovudmåla:

- Auka avverkinga på kort og lang sikt
- Høg produksjon, virkeskvalitet og CO₂-binding i framtidsskogen
- Konkurransedyktige foredlingsbedrifter – med kundane sentrum
- Meir bruk av tre og treprodukt, bl.a. for eit betre klima
- Auka tru på framtida

5.3. Strategiar

Det må utviklast strategiar tilpassa tilhøva i Rogaland på ei rekkje ulike område. I Meldinga er strategiane utarbeida på bakgrunn av fire **overordna utfordringar**:

- Auka bruk av trevirke
 - o Marknadsutvikling og nyskaping
 - o Bioenergi
- Auka avverking på kort og lang sikt
 - o Skogsvegar, taubanar, kaiar og sjøtransport
 - o Rekruttering, arbeidskraft og kompetanse
- Ressursoppbygging og kvalitet på framtidsskogen
 - o Langsiktig planlegging, målsetjingar og planar
- Skog og klima
 - o CO₂-binding og CO₂-lagring
 - o Reskoging/treslagsval/auka skogareal

På kortform er det i Meldinga utvikla følgjande strategiar:

- Utvikla næringsklyngjer
- Skogeigarpolitikk
- Marknadsutvikling og nyskaping
- Utvikla rammevilkåra
- FoU og kompetanse
- Skognæringa som miljønæring

Strategiane i Meldinga er også relevante for situasjonen i Rogaland. Samstundes er det viktig å tilpassa gruppering og prioritering til vår region og dei lokale innspela Rogaland hadde under utarbeiding av Meldinga. Vidare er det rett å ta omsyn til endringar i politikk og fokus sidan Meldinga kom ved årsskiftet 2007/2008. Det er mellom anna eit klart og forsterka fokus på eit aktivt skogbruk som klimaregulator.

På denne bakgrunn er det utarbeida seks ulike strategiar for oppfølging og gjennomføring av *Melding om kystskogbruket* i Rogaland. Strategiane vil ha noko ulikt omfang, men alle vil vera avgjerande for å kunna nå dei oppsette målsetjingane for skogsektoren i Rogaland.

5.3.1. **Strategi for skog og klima – binding, lagring og substitusjon**

CO₂-konsentrasjonen i lufta kan reduserast gjennom eit aktivt skogbruk med hogst og forynging med kvalitetsskog. Å bruka trevirke til byggjeri og energi i staden for mindre miljøvennlege råstoff gir mindre CO₂ i atmosfæren. Slik sett er skogbruk ei miljøvennleg næring.

Det sterkt auka fokuset på klimaendringar og fornybar energi vil framskunda ei større satsing på oppbygging av skogressursar og bioenergiproduksjon. Rogaland er ikkje

komme langt på dette området. Det er difor behov for å få fram føresetnadene for ei slik satsing i fylket – og å utarbeida ein strategiplan for det vidare arbeidet.

Strategiarbeidet må samordnast med Regionalplan for energi og klima, og må elles byggja på andre sentrale dokument på området, bl.a. St.meld. nr. 39 (2008-2009) "*Klimautfordringane - Landbruket en del av løsningen.*"

5.3.2. *Strategiar for auka avverking i Rogaland*

Rogaland nyttar maksimalt 20% av den årlege tilveksten i skogen. For å driva berekraftig bør avverkinga minst tredoblast. Også for å auka verdiskapinga må det leggjast til rette for vesentleg høgare avverking, både på kort og lang sikt. Og det må leggjast til rette for å takla naturlege svingingar i marknaden.

Det er mange faktorar som påverkar nivået på avverkinga, ikkje minst infrastrukturen. Rammevilkåra må i større grad tilpassast utfordringane i kystskogbruket.

Strategiarbeidet må ta tak i dei mest sentrale faktorane for avverkingsnivået, både overordna rammevilkår, organisering og rettleiingsapparat. Strategien på dette området vil innehalda eit sett av ulike tiltak og verkemidlar.

5.3.3. *Strategiar for langsiktig areal- og ressursforvaltning*

Skogen si positive evne i klimasamanheng og evne til verdiskaping i distrikta er heilt avhengig av ei langsiktig og føreseieleg areal- og ressursforvaltning. Det er difor viktig å verna dei beste skogproduksjonsareala for framtidig skogproduksjon. Meldinga føreslår å oppretta spesielle klimaskogar på høvelege areal som i dag ikkje er i aktiv produksjon.

Det er avgjerande for framtidig verdiskaping og opptak av CO₂ at det blir reist ny skog av høg kvalitet på alle hogstflater. I Rogaland betyr det i dei fleste tilfelle planting av granarter og lerk. Det er viktig både for klimaet og verdiskapinga at det blir valt rett treslag på den enkelte lokalitet. På god jord ut mot kysten er sitkagran overlegen alle andre kjende treslag – både med omsyn til virkesproduksjon og opptak av CO₂.

Strategiarbeidet må leggja til rette for både vern av gode skogareal til framtidig skogproduksjon, sikring av ny skog på hogstflater - og for bruk av vitskapleg tilrådte treslag i oppbygginga av kvalitets- og klimaskogar i Rogaland.

5.3.4. *Strategi for auka bruk av lokalt trevirke – til byggjeri og bioenergi*

Størstedelen av verdiskapinga på skogsektoren skjer gjennom foredling av tømmeret – anten til trelast, papir eller bioenergi. Det er difor viktig med størst mogleg foredlingsgrad innan fylket. Lokal og kortreist trelast er også meir miljøvennleg.

Mesteparten av foredlinga av rogalandstømmer skjer i dag i andre fylke, og til dels i utlandet. Samstundes blir 95% av behovet for trelast kjøpt utanfor fylket.

Rogaland er størst innan pyntegrøntproduksjon, og strategiane må leggja føringar for vidare utvikling av denne næringa.

Strategiane må særleg leggja vekt på ein vesentleg større lokal produksjon av trelast og bioenergi. Ein langt større del av trelastbehovet bør dekkast av lokalt råstoff. Eit av dei viktigaste politiske tiltaka i dag vil vera å leggja til rette for større etterspørsel etter biovarme. Jf. her også *FDP for energi og klima*.

Opplegg for marknadsutvikling, konkurransekraft, nyskaping og utvikling av næringsklynger skal vera ein del av desse strategiane.

5.3.5. *Strategi for kompetanseheving*

Det er få og svake næringsklynger i skogsektoren i Rogaland. Vekst, utvikling og verdiskaping i sektoren fordrar vesentleg høgare kompetanse. Skogsektoren har mange aktørar, ikkje minst på skogeigarsida. Utvikling av næringa krev difor også eit kompetent rettleiingsapparat, noko som i stor grad manglar i dag.

Fylkeskommunen har eit direkte ansvar for vidaregåande opplæring, og etter forvaltningsreforma også ansvar for etterutdanning i landbruket. Men desse strategiane må også fanga opp alle andre sider på dette området, bl.a. utgreiing av høve for oppgradering av rettleiingsapparatet i skogsektoren; jf. også Meldinga.

Strategiane for kompetanseheving må difor femna vidt - slik at både næringskjedene i skogsektoren og eit tilhøyrande utvida rettleiingsapparat kjem med i strategiane. Vidare er det nødvendig at strategiane legg til rette for ei vesentleg større involvering innan forskning og utvikling.

5.3.6. *Kommunikasjonsstrategi for skognæringa i Rogaland*

Intern og ekstern kommunikasjon er viktig i alle næringar. Undersøkingar ved bl.a. Handelshøyskolen BI viser at skognæringa er meir lukka og isolert frå andre næringar, kunnskapsmiljø og storsamfunnet enn mange andre næringar. Den er heller ikkje godt samordna i den eksterne kommunikasjonen. Dette har medført ei næring som er lite synleg og med til dels svakt omdømme.

Strategiane på dette feltet må difor ta tak i desse hovudutfordringane. Nettverksbygging, omdømmebygging og synleggjering er viktige stikkord for mellom anna å skapa framtidstru. Danning av eit skognæringsforum er eitt av fleire strategiske tiltak, både for å byggja interne nettverk og for å framstå samordna og synleg eksternt.

Ein kommunikasjonsstrategi for næringskjedene i skogsektoren vil også vera positiv med omsyn til rekruttering og tilgang på arbeidskraft fordi sektoren vil opplevast meir attraktiv.



Høg produksjonsevne, men vanskeleg terreng pregar store delar av skogarealet i Rogaland.

6. Prioriterte tiltak for skogbruket i Rogaland

I *Melding om kystskogbruket* kjem det fram svært mange gode tiltak og idear for å auka verdiskapinga langs kysten, og for å satsa på skogbruk i klimasamanheng. Det er ikkje mogleg å ta tak i alle gode tiltak samstundes, og Meldinga har difor sett opp ei rekkje prioriterte fellestiltak.

Dei fleste av desse tiltaka bør også ha høg prioritet i Rogaland. Men nokre få kan skyvast ut av denne prioriteringslista. Dessutan er det nokre tiltak som er spesielt viktige for skogsektoren i Rogaland dei næraste åra.

Det er viktig å innsjå at det er nødvendig med **mange** små og større tiltak og justeringar for å ha von om å auka verdiskapinga og CO₂-bindinga i skogsektoren i Rogaland. Det vil krevja høg kompetanse å avstemma dei ulike tiltaka mot kvarandre for å oppnå bedriftsøkonomiske og samfunnsøkonomiske gevinstar både på kort og lang sikt.

Rammevilkåra må vera langsiktige og føreseielege.

Rammevilkår som t.d. berre står seg til neste stortings- eller fylkestingsval, vil ha liten effekt. Ei langsiktig næring, som i tillegg er så avhengig av ein levande bygdekultur, kan ikkje over tid leva rasjonelt i fireårsbolkar.

Vidare er det viktig å tenkja nytt og kreativt for å finna realistiske løysingar for ei berekraftig utnytting av skogressursane i fylket – og samstundes sikra størst mogleg positive klimateffektar. Det er nødvendig å ha fleire "understrategiar" klare for å vera tilstrekkeleg fleksible i høve til raske endringar i marknaden og andre ytre endringar.

Strategiar og tiltak for å produsera store volum må kunna gå hand i hand med strategiar for å produsera spesialprodukt tilpassa ulike marknadssegment. Rogaland kan truleg aldri bli best på store volum, men regionen har mange fortrinn for å bli best på spesialproduksjonar. Marknaden sjølv, og skogsektoren si evne til å påverka marknaden, vil til ei kvar tid avgjera storleiksforholdet mellom volumprodukt og spesialprodukt.

Det er i det følgjande rekna opp i alt ti grupper av prioriterte tiltak som det vil vera viktig for skogsektoren i Rogaland at det blir tatt tak i. Gjennomføringa av dei fleste av desse tiltaka må skje i eit nært og strukturert samspel mellom skognæringa, fylkeskommunen som ansvarleg for regional utvikling, kommunane og Fylkesmannen. Mange av tiltaka gjer det også nødvendig å involvera nasjonalt nivå, både fagleg og økonomisk.

Råstoff frå skogsvirke kan nyttast til svært mange ulike produkt, slik som i kosmetisk og farmasøytisk industri eller i næringsmiddel- og drikkevareproduksjon. Sjølv om slike produkt ikkje er spesielt omtalt i planen, kan likevel dette i gitte situasjonar vera lønnsame nisjeproduksjonar også i Rogaland.

6.1. Skog og klima

Klimadebatten i Noreg er ganske ny, og i starten av denne debatten var binding av CO₂ i skog eit ikkje-tema. Men i løpet av 2008 kom skogbruket med i den norske politiske debatten for fullt. I dag er skogbruk stovereint i alle aktuelle politiske krinsar, og mange rapportar og organ reknar skogbruk som eit av dei viktigaste og billegaste reiskapane vi har i kampen om eit betre klima.

Internasjonalt er også skogbruk rekna som ein avgjerande faktor i klimapolitikken. Eksempel på dette er FN sitt klimapanel (IPCC) og ambisiøse vedtak i EU-systemet. Særleg IPCC har grundig dokumentasjon på at skogbruk er ein kostnadseffektiv måte å

endra den negative klimautviklinga på. Av kommersielle tiltak føreslår panelet skogreising, skogplanting, skogfagleg skjøtsel, redusert avskoging, auka bruk av trematerial og bioenergi. IPCC slår også fast at det er stor grad av semje omkring desse spørsmåla.

Kystskogbruket, og ikkje minst Rogaland, har stort potensial for auka binding av CO₂ i skogen og i skogsystema. Auka bruk av fornybart tre i byggjeri reduserer klimautsleppa fordi alternative byggjematerial har store CO₂-utslepp. Energi, byggjeri, klima og skogbruk høyrer difor nær saman også i Rogaland.

6.1.1. Regionalplan energi og klima

I regionalplan for energi og klima (tidlegare kalla fylkesdelplan) er skogbruk tema både med skog i vekst som bind CO₂ og skogsvirke som CO₂-nøytral energiberar og byggjeråstoff. Bioenergi frå skogen i Rogaland kan tilføra minst 0,375 TWh energi og vi kan få ein utsleppsreduksjon på om lag 100 000 tonn CO₂ pr. år. Vidare tilsvarar skogtilveksten i fylket ei CO₂-binding på minst 550 000 tonn pr. år.

Regionplan for energi og klima har særleg to delmål retta direkte mot skogsektoren:

- Produksjon og leveranse av bioenergi skal i planperioden aukast til 0,20 TWh. Dette gir eit virkesbehov på ca. 115 000 m³ skogsvirke pr. år
- Tilveksten av kulturskog skal aukast tilsvarande ei binding av 100 000 tonn CO₂ pr. år. Dette krev ei årleg forynging av minimum 6000 dekar pr. år fram til 2020.

Tiltak

Handlingsplanen viser til måla og tiltaka i *Regionalplan for energi og klima*.

Fylkeskommunen skal saman med næringa og Fylkesmannen proaktivt følgja opp og sikra gjennomføring av vedtekne tiltak.

6.1.2. Klimaskogar

Melding om kystskogbruket føreslår som eit viktig klimatiltak å utarbeida eit eige klimaskogprogram for kystfylka. Programmet skal i prinsippet finansierast med sal av klimakvotar. Det har i Noreg lenge vore drøfta å oppretta ein marknad for karbonkredittar i skog, slik ein har i fleire andre land. Eit av dei mest treffsikre tiltaka som kan gå inn i eit slikt system, er oppbygging av klimaskogar i kystskogbruket. Her finst både areal og gode vekstvilkår. Eit slikt system vil også kunna redusera behovet for offentlege investeringsvirkemidlar.

Tiltak

Fylkeskommunen skal aktivt følgja opp klimaskogkonseptet politisk, bl.a. gjennom det fylkeskommunale oppfølgingsprogrammet for kystskogbruket.

6.1.3. Trevirke til byggjeri mv.

Bruk av trevirke i staden for betong, stål, aluminium og andre materialar som er langt meir energiintensive i produksjonen og over livsløpet, reduserer behovet for fossilt brensel. Produksjon av trematerialar er i all hovudsak basert på fornybare ressursar. For kvar kubikkmeter trevirke som brukast til erstatning for andre materialar reduserast CO₂-utsleppa med 0,8 tonn. I tillegg får vi ei forlenga binding av CO₂ i byggjeriet. Den samla gjennomsnittlege klimaeffekten blir difor ca. 1,5 tonn CO₂ per kubikkmeter trevirke.

Substitusjonseffekten ved bruk av trevirke er difor stor og viktig for klimaet. I Rogaland kan vi nytta ein vesentleg større del av dei lokale skogressursane til byggjeri.

Tiltak

Fylkeskommunen skal saman med næringa og Fylkesmannen leggja til rette for auka bruk av kortreist trevirke til byggjeri mv. Under elles like forhold skal bruk av trevirke som byggjematerial og bioenergi som energikjelde føretrekkjast i fylkeskommunale bygg.

6.1.4. Trevirke til bioenergi

Bioenergi er ein klimanøytral energibærer. Substitusjon med energibærere med store CO₂-utslepp, slik som kol, olje og naturgass er difor positivt for klimaet. Teknologien for bruk av bioenergi frå trevirke til oppvarming er godt kjent og kostnadseffektiv.

Tiltak

Sjå kap. 6.5.2.

6.2. Skogsvegprogram, flaskehalsar mv.

Manglande infrastruktur er ei hovudutfordring i kystskogbruket. Dette gjeld også Rogaland.

Tilgang til skogareala for skjøtsel og drift er ein absolutt føresetnad for å kunna drive lønnsamt og rekningsvarande. Utbygging av infrastrukturen er det klart viktigaste enkeltelementet som skal til for å auka verdiskapinga og CO₂-bindinga i Rogaland.

Meldinga legg opp til at vegnettet må komma opp på nivå med innlandsfylka. Det blir ei kjempeutfordring, men er heilt avgjerande for å nå hovudmåla i Meldinga. Det er difor starta opp eit treårig fellesprosjekt for alle ni fylkeskommunane med mål om å få på plass eit program for utbetring av infrastrukturen.

Også av denne grunn er difor viktig at alle partar også i Rogaland aktivt tek del i gjennomføringa av dette programmet – og dermed utnyttar den kompetansen og ressursen som blir stilt til rådvelde gjennom det treårige fellesprosjektet.

6.2.1. Hovudplan for infrastruktur i skogbruket

Rogaland må vera aktiv deltakar i det store skogsvegprogrammet som er sett i gong langs heile kysten. Det betyr at både skogeigarorganisasjon, kommunane, fylkeskommunen og Fylkesmannen må yta sin innsats kvart på sitt område.

Tiltak

Fylkesmannen skal saman med fylkeskommunen vera ein pådrivar og leggja til rette for å sikra at alle aktuelle kommunar utarbeider ein hovudplan for skogsvegar og ein samla plan for Rogaland.

Vidare skal fylkeskommunen i samråd med Fylkesmannen følgja opp overfor sentrale styresmakter, slik at det både økonomisk og på anna vis blir lagt til rette for å gjennomføra oppgraderinga av infrastrukturen i praksis.

6.2.2. Vegplanleggingskapasitet og -kompetanse

Fellesprosjektet skal også leggja til rette for utdanning av vegplanleggjarar. For at dette skal kunna skje i praksis, må organisatoriske og økonomiske forhold avklarast i det enkelte fylket.

Tiltak

Fylkeskommunen må i samarbeid med næringa og Fylkesmannen avklara både organisatoriske og økonomiske forhold i samband med fast tilsetjing av vegplanleggjar for Rogaland.

6.2.3. Plan for flaskehalsutbetring

Skogbruket har store transportbehov. Ein effektiv og miljøvennleg transport krev bruk av vogntog med maksimum lastekapasitet og lengde. Det er framleis mange område i fylket som manglar vegar med BK10 standard og vogntoglende 18,5 m.

Det er tidlegare gjort ei undersøking av det offentlege vegnettet i Rogaland med tanke på

tømmertransport. Undersøkinga munna ut i ei prioritert liste over flaskehalsar.

Tiltak

Fylkeskommunen tek initiativ for ajourføring av tidlegare flaskehalsundersøking og skal på bakgrunn av dette setja klare mål for utbetring av flaskehalsar i kommande 10-årsperiode.

6.3. Sikring av skogareal og oppbygging av kvalitetsskog

Skogen si positive evne i klimasamanheng og evne til verdiskaping i distrikta er heilt avhengig av ei langsiktig og føreseieleg areal- og ressursforvaltning. Det er difor viktig å verna dei beste skogproduksjonsareala for framtidig skogproduksjon. Meldinga føreslår også å oppretta spesielle klimaskogar på høvelege areal som i dag ikkje er i aktiv produksjon og drift.

Verdiskaping og positive klimaeffektar er vidare heilt avhengig av at det blir forynga med kvalitetsskog etter hogst. Denne kvalitetsskogen må også skjøttast i ungskogstadiet.

6.3.1. Sikring av areal og skogressursar

Det er i dag eit til dels stort press på dei beste skogareala til andre formål enn skogproduksjon. Slike formål kan vera både jordbruk, friluftsområde, ulike typar vern etter naturmangfaldloven og plan- og bygningsloven mv.

Viss skogbruket skal medverka til større verdiskaping og CO₂-opptak, slik det er politisk semje om på Stortinget, må både skogareala og skogressursane sikrast til dette føremålet. I Rogaland har vi mange eksempel på at dei beste skogareala blir salderingspost når ulike interesser skal vegast mot kvarandre. Det går utover både miljø og verdiskaping.

Tiltak

Fylkeskommunen må saman med Fylkesmannen og kommunane gjennom areal- og ressursforvaltninga sikra dei beste skogproduksjonsareala for skogproduksjon og CO₂-binding.

6.3.2. Sikra oppbygging av kvalitetsskog

Manglande forynging etter hogst fører til ei systematisk nedbygging av skogen, ei utvikling som er svært uheldig, både økonomisk og miljømessig. Det er ein føresetnad for eit berekraftig skogbruk, med framtidig verdiskaping og opptak av CO₂ at det blir reist ny skog av høg kvalitet på alle hogstflater. I Rogaland betyr det i dei fleste tilfelle planting av granarter og lerk. Det er viktig både for klimaet og verdiskapinga at det blir valt rett treslag på den enkelte lokalitet. På god jord ut mot kysten er sitkagran overlegen alle andre kjende treslag – både med omsyn til virkesproduksjon og opptak av CO₂.

Utan aksept for bruk av vitskapleg tilrådde treslag, vil ikkje kystskogbruket kunna skapa dei verdiane og den CO₂-bindinga som Meldinga legg opp til.

Tiltak

Fylkeskommunen skal saman med næringa og Fylkesmannen arbeida for aksept for bruk av vitskapleg tilrådde treslag.

Fylkeskommunen skal saman med Fylkesmannen og næringa medverka til at hogstflater blir forynga med kvalitetsskog og følgd opp med skjøtsel.

6.4. Skogeigarpolitiske tiltak

Det er skogeigaren som sit på skogressursane og såleis er bestemmande for tilgangen på råstoff frå skogen. Skogeigaren i Rogaland er privat og eig for ein stor del også

jordbruksareal i tillegg. Mange skogeigarar er aktive bønder, men har jobb utanom garden. Stadig fleire skogeigarar er verken jordbrukarar eller skogbrukarar. Ein del bur heller ikkje i den kommunen dei eig skog.

Gjennomsnittsskogeigaren har ikkje årlege inntekter frå skogen og har difor heller ikkje planlagt med inntekter frå skogbruket. Samstundes sit mange skogeigarar i skogreisingsområda med ein sterkt veksande ressurs som om 15 – 25 år vil kunna gi millioninntekter på nokre år.

Kompetansen på å eiga, forvalta og driva skog synest å vera fallande i Rogaland. Når fleire tek arbeid utanfor garden, og gjerne utanfor kommunen, blir det mindre tid og interesse att til skogbruket. Overgang frå småskala drifter med motorsag og vinsj til bortsetting til skogsentreprenørar er og med og minskar interessa for kunnskap om skogbruket. Summen av dette gjer at det vesle produsentmiljøet som var i enkelte bygder, no forvitrar. Med eit svakt utbygd skogeigarsamvirke er det lite fagleg hjelp og motivering å få i eigen organisasjon.

I tillegg til den generelle utviklinga på bygda, opplever aktive småskogeigarar seg pressa frå fleire hald. Tømmerprisane er til tider lite oppmuntrande, rammevilkåra i form av offentlege tilskot har vore ustabile, og miljøinteressene har sett nye krav til treslagskifte, hogstflater og vegbygging. I media blir skogeigaren oftast framstilt i eit dårleg lys. Den offentlege skogforvaltninga skal no også forvalta miljørestriksjonane. Desse nye oppgåvene påverkar tillitsforholdet til skogeigaren. Der det før var felles oppfatningar av kva som tente næringa heilt frå Skogavdelinga i Landbruksdepartementet ned til den enkelte skogeigar, er det no ofte til dels sterke motsetningar, spesielt innan areal- og ressursforvaltninga. Informasjonsarbeidet og kommunikasjonen med skogeigaren er difor blitt vanskelegare.

Resultatet av desse endringane er at det lett er den passive skogeigaren som blir "helten" i opposisjonen. Fleire rapporterer at skogbruksmiljøet på bygdene er i ferd med å forsvinna.

I ein slik situasjon blir også rekrutteringa ei stor utfordring. Kampen om ungdommen og arbeidskrafta er stor, og ei lita næring som skogbruket blir fort oppfatta som sær og uinteressant. Den einaste offentlege vidaregåande skolen i fylket med naturbruk, Øksnevad vidaregåande skole, har no kutta skogbruk som fag ved skolen.

Skogeigaren er ein krumtapp i arbeidet med auka verdiskaping. Det er difor heilt avgjerande at det blir sett inn aktive tiltak som oppmuntrar og motiverer skogeigaren til å bli ein aktiv forvaltar av skogressursane sine.

Skogeigarane er meir ulike enn før, og det er difor behov for fleire tiltak for å nå politiske mål. I tillegg til aktiv bruk av ein intern kommunikasjonsstrategi er kurspakkar, oppsøkjande verksemd og betre eigedomsvise ressursoversikter eksempel på tiltak som er nødvendige for å auka kompetansen og overvinna hindringar i kultur og haldningar. Optimisme og framtidstru må framelskast ved at berekraftig forvaltning av skogressursane blir framstilt som det normale og ønskelege frå styresmaktene.

For å styrka produsentmiljøet er det aktuelt med aksjonar og andre typar fellesløft i bygda. For å til dette må rettleiingsapparatet (offentleg og/eller privat) både ha tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet. Bodskapen frå styresmaktene må bli meir samstemt og eintydig på at målet er ei berekraftig ressursutnytting og skogeigaren er avgjerande viktig for å nå eit slikt mål.

Skogeigarpolitikken må vera langsiktig og føreseieleg, med stabile rammevilkår både innan skatt, offentlege løyvingar og lovverket. Med ein slik politikk vil også rekruttering til næringa bli enklare. Ungdommen må få tryggleik for at skognæringa har ei trygg framtid med rimeleg utkomme. I Rogaland må det på nytt leggjast inn skogbruk som obligatorisk fag i vidaregåande skolar innan naturbruk.

Tiltak

På dette punktet er det behov for ei rekkje ulike tiltak; jf. også opplista tiltak i Meldinga.

Desse går i hovudsak på motivering, informasjon, kompetanseheving, organisering og rammevilkår. Både politisk nivå, næringsaktørar og forvaltningsstyresmakter må på banen å gjera sin del av jobben. Fleire av tiltaka vil det vera mest kostnadseffektivt å gjennomføra i fellesskap kysten rundt. Nokre tiltak er også nemnde under andre tiltakspunkt i denne handlingsplanen.

Fylkeskommunen skal saman med skognæringa, Fylkesmannen og sentrale styresmakter arbeida for ein mest mogleg langsiktig og føreseieleg skogeigarpolitikk tilpassa ulike kategoriar av skogeigarar.

Fylkeskommunen skal medverka til at alle interesserte skal få ta skogbruksutdanning på naturbruksskolar, anten i Rogaland eller i andre fylke. Vidare skal fylkeskommunen saman med næringa leggja til rette for lærlingordning og fagbrev.

Fylkeskommunen saman med skognæringa og Fylkesmannen skal konkret arbeida for godt tilrettelagde og tilpassa kortkurs for vidareutdanning innan aktuelle fagfelt i verdikjedene.

6.5. Foredling og marknad

Verdiskaping skjer gjennom foredling og ein kjøpevillig marknad.

Det overordna for primærskogbruket (dvs. verdikjeda frå skogplanting til ferdig hogt tømmer) må vera full avsetning til akseptable prisar for alle hovudsortiment av skogsvirke. Men over tid er det heller ikkje uvesentleg for skogbruket kor foredlinga føregår og kven som kjøper produkta.

Rogaland har lite foredling av eige virke. Det er uheldig både for verdiskapinga og for haldningane til skogbruk. Det må difor vera eit viktig mål å auka lokal foredling av lokalt virke. Skogsektoren må i større grad utnytta den store og kjøpesterke lokale marknaden for lokale skogsprodukt.

For å vera konkurransedyktig i marknaden er det eit sett av vilkår som må oppfyllest, og det er mange aktørar som må ta ansvar. For ein del viktige rammevilkår som generelle industripolitiske utfordringar, transportkostnader, energiprisar, rimeleg kapitaltilgang mv. må hovudansvaret liggja hos Stortinget og regjeringa. Men både lokalt og regionalt nivå har eit ansvar for å rapportera utfordringar og behov for endringar.

I Rogaland er det spesielt viktig å leggja til rette for betre avsetning og foredling av furu og bjørk. Sitkagran er nyleg godkjent som bygningslast også i Noreg, og den bør seljast inn i marknaden som ny og eksotisk. Det må også vera eit mål å nytta ein større del av dagens massevirkedel av gran og sitkagran som energivirke til lokale bioenergianlegg.

6.5.1. Nettverksbygging - næringsklynger

Nettverksbygging er eit viktig stikkord for å endra praksis på dette området. Ei heil rekkje lokale firma i Rogaland, med til saman over 1500 tilsette, har tre som råstoff, men storparten av desse har ingen kontakt med primærskogbruket i fylket. Difor er det så godt som ingen som nyttar seg av lokalt råstoff i produksjonen. I tillegg kjem alle byggjefirma som også i svært liten grad nyttar lokalprodusert trelast.

Det må byggjast ut salskanalar for lokale skogsprodukt. Dette er ei hovudoppgåve for skogsektoren sjølv, men skal våre småskala næringsutøvarar makta dette, må det offentlege setja i verk tilpassa program for slike endringar og vera pådrivar i arbeidet. Konkret betyr dette m.a. at dagens "Trebasert Innovasjonsprogram" og "Bioenergiprogrammet", som begge blir forvalta av Innovasjon Norge, må tilpassast dei faktiske behova i kystfylka; bl.a. må ein større del av potten kunna nyttast til utgreiings-, motiverings- og tilretteleggingstiltak. Elles må det utarbeidast ein informasjons- og kommunikasjonsstrategi som er tilpassa konkrete og lokale behov.

Informasjon og nettverksbygging bør m.a. munna ut i næringsklynger. Slike arenaer vil også kunna setja verdikjedene innan skogsektoren i stand til å henta kompetanse og kapital frå "nye" kjelder. Dette er viktig både for vidareutvikling av skogsektoren og for rekrutteringa, men også for å gjera sektoren meir open og interessant for anna næringsliv og for storsamfunnet.

Tiltak

Skognæringa i samarbeid med Fylkesmannen opprettar og driftar eit skognæringsforum og utarbeidar kommunikasjonsstrategi. Jf. også kap. 6.8.

Fylkesmannen og fylkeskommunen skal medverka til at dagens verdiskapingsprogram for skogsektoren, og eventuelle framtidige ordningar, i større grad blir tilpassa lokale og regionale forhold i Rogaland og på Vestlandet.

6.5.2. Bioenergi

Det er i landet brei politisk vilje til å satsa stort på produksjon og bruk av bioenergi. I Rogaland har dette førebels gitt seg små utslag. Mange andre fylke er komne lenger i arbeidet med å ta i bruk fornybar energi.

Kommunane og fylkeskommunen er som eigarar av ein stor bygningsmasse sentrale aktørar i arbeidet med å kunna auka bruken av bioenergi i fylket. Kommunane forvaltar dessutan no også lovverk som gjer det enklare å fremja bruken av bioenergi også blant private aktørar.

Skal hovudmålet i denne handlingsplanen om ei dobling av verdiskapinga og ein auke i opptaket av CO₂ på 100 000 tonn pr. år kunna realiserast, er det heilt avgjerande at bruk av bioenergi i offentlege bygg raskt tek seg kraftig opp. Tiltaka må difor både gå på opplegg for å leggja til rette for overgang til bioenergi i offentlege bygg og å sikra høve for vassboren varme i alle nybygg. Som eksempel kan kommunane gjennom plan- og bygningsloven gi retningslinjer for energibruk – herunder utbygging av leidningsnett for vassboren varme.

Strategiar og tiltak for produksjon og bruk av bioenergi må i nødvendig grad tilpassast Regionalplan for energi og klima.

Tiltak

Fylkeskommunen saman med næringa og Fylkesmannen skal arbeida for betre rammevilkår for produksjon og bruk av bioenergi. Dette gjeld generelle rammevilkår, bl.a. lovverket og støtteordningar gjennom Enova og Innovasjon Norge.

Dei same aktørane skal vidare arbeida for å sikra likeverdige konkurransevilkår for levering av vassboren varme i tettbygde strok, som t.d. på Nord-Jæren.

Næringa skal gjennom *Bioenergiforum Sørvest* byggja nettverk og auka kompetansen både internt og eksternt.

Fylkeskommunen skal leggja til rette for overgang til bioenergi i eigne bygg og motivera til at flest mogleg andre offentlege bygg konverterer til vassboren varme og bruk av bioenergi.

6.5.3. Trebruk

I tillegg til at Rogaland berre utnyttar 20% av tilveksten i skogen, har fylket også lite foredling av det virket vi avverkar. Det alt vesentlege av sagtømmeret (virke til bord og plank mv.) blir selt ut av fylket, og alt massevirke (papir, papp mv.) går ut av fylket. Den lokale foredlinga omfattar nokre gards-/bygdesager og ein del vedomsetning (bioenergi).

Det er ei utfordring at så lite av verdiskapinga skjer innan fylket. Det er med og skaper avstand til næringa, ikkje minst politisk, men det har også negativ innverknad på

fagmiljøet i næringa. M.a. fører dette til svekka kompetanse og innovasjonskraft.

Dessutan er lokal og kortreist trelast meir miljøvennleg. Bruk av trevirke til byggjeri mv. medverkar i stor grad til reduserte klimautslepp. Den samla klimaeffekten av å bruka trevirke til byggjeri er 1,5 tonn CO₂ pr. kubikkmeter trevirke. I ein normal einebustad går det med 20 m³ trevirke. Utover sjølve verdiskapingspotensialet er det difor også svært gunstig for klimaet og miljøet generelt å auka bruken av lokalt skogsvirke.

Rogaland fylke er folkerikt (420 000 innbyggjarar), med ein kjøpesterk, nysgjerrig og nyprøvande fokesetnad. Det har over lang tid vore stor byggjeaktivitet, men ein stadig større del av byggeverksemda føregår i byar og tettstader.

Rogalandsskogbruket har såleis ein svært god marknad for nett sine produkt i nærområdet. Men næringa har ikkje makta å gjera seg nytte av denne fordelene. Utfordringa blir difor å endra dette. Fram til no kan situasjonen seiast å vera at marknaden gjerne vil kjøpa nisjeprodukt frå lokalområdet, men finn ingen seljarar. Skogbruket ved lokalsagbruka vil gjerne selja spesiallast frå det lokale skogbruket, men har få eller ingen kjøparar. Potensielle kjøparar får difor ikkje kjøpt dei ønska produkta, og potensielle seljarar får ikkje selt sine produkt. Ein av dei største utfordringane er difor å skapa vesentleg betre nettverk og salskanalar for lokalt virke.

Volumprodukta (massevirke og standard sagtømmer gran) har vore lette å selja siste åra, dels på eksportmarknaden. Det er i dag noko usikker avsetning både for sagtømmer furu, sitkagran og bjørk.

Sikker avsetning for alle dei viktigaste tømmer-sortimenta i fylket er avgjerande for å lukkast med ei betre ressursutnytting av rogalandsskogen. Men skal verdiskapinga aukast i tråd med målsetjinga, må det skapast sikkert avsetning til lokale foredlingsbedrifter.

Tiltak

Næringa skal byggja ut nettverket, bl.a. ved å oppretta Rogaland Treforum i samarbeid med Fylkesmannen.

Fylkeskommunen skal medverka til auka etterspørsel av lokal, kortreist og miljøvennleg trelast, bl.a. ved å bruka slik trelast i større grad i eigne byggjeri.

Næringa skal saman med Fylkesmannen sikra at Trehusbyen Stavanger får dekkja sine behov for lokal trelast til nødvendig rehabilitering mv.

6.5.4. Pyntegrønt

Rogaland er det førande juletrefylket i landet med optimale produksjonsforhold. Juletre- og pyntegrøntnæringa har i mange år arbeida målretta mot innanlands- og utanlandsmarknaden. Fokus på kvalitet og profesjonalitet hos enkeltprodusentar, samt eit aktivt rettleiingsapparat, har gitt resultat. Fleire nye marknadskanalar, spesielt mot utlandet, gir grunn til optimisme i næringa og gode utsikter for dei som vil å satsa. Etterspurnaden aukar og næringa treng fleire profesjonelle produsentar.

Høg kompetanse i forsøksringsystemet er og ein viktig faktor for den positive utviklinga vi ser i juletrenæringa. Med dei marknadsutsiktene ein no ser, finst det eit stort potensiale for ytterlegare vidareutvikling av juletre- og pyntegrøntnæringa i fylket, både mot innanlands- og utanlandsmarknaden.

Pyntegrøntnæringa er ei ny og lita næring som framleis vil ha behov for enkelte støttetiltak frå offentleg side. Det er førebels for få aktive juletre dyrkarar til at næringa sjølv kan bera alle kostnader med eit profesjonelt rettleiingsapparat.

Tiltak

Næringa skal saman med fylkeskommunen og Fylkesmannen aktivt gå inn for å sikra tilstrekkeleg økonomi i rettleiingstenesta, slik at den kan halda fram med same høge kompetanse.

Dei same aktørane skal aktivt arbeida for å auka produksjonsarealet av juletre i tråd med utsiktene i marknaden. I dette ligg også tilskot til utviding og oppstart av juletreproduksjon i større skala.

6.6. Kompetanse, forskning og utvikling

Der det er manglande tradisjon og kultur på eit område, der er det ofte også manglande kompetanse. Det er få og svake næringsklynger i skogsektoren i Rogaland. Dette er medverkande til at kompetansen jamt over er låg. Utvikling av næringa vil også krevja eit kompetent rettleiingsapparat, noko som i stor grad manglar i dag.

Skogsektoren består av svært mange aktørar, og delar av næringa er til dels sterkt offentleg regulert. Areal- og eigedomspolitikken set ofte klare grenser for kva som let seg gjennomføra av bedriftøkonomiske tiltak. Det store fleirtalet av skogeigarane i Rogaland har i dag ikkje skogbruk som inntektsbringande næring, men mange har eit potensial for inntekt frå skogbruket. Og mange fleire vil kunna få gode inntekter når skogreisinga gir hogstmoden skog om 15-25 år.

Større verdiskaping og sysselsetting i skognæringa krev ein formidabel innsats for å heva kompetansen, så vel internt i næringa som eksternt. Ei oppgradert rettleiingsteneste er ein del av løysinga; jf. kap. 6.7.

6.6.1. FoU

FoU-arbeidet på skogsektoren i Rogaland er nedbygd over tid. NISK-Bergen (Norsk Institutt for Skogforskning) var før langt oftare ein del av det skogfaglege miljøet i fylket – ved felles synfaringar i forsøksskogar, på kurs og årsmøte mv. Dette er langt på veg borte i dag, noko som vel skuldast organisasjonsmessige og økonomiske årsaker. Vestlandskontoret er no ei avdeling av Norsk institutt for Skog og landskap (Skog og landskap), som har hovudkontor på Ås i Akershus.

Det er etter kvart også mange andre fagfelt innafor verdikjedene i skogsektoren, enn dei som blir dekkja av Skog og landskap, som krev FoU-innsats.

Samla sett må FoU-innsatsen innanfor skogsektoren aukast vesentleg.

Undersøkingar, bl.a. av Handelshøgskolen BI, slår fast at mangel på kompetanse er største hinderet for utvikling, innovasjon og verdiskaping i skogsektoren. I same undersøking peikast det også på at den næringsretta utdanninga er for svak og fragmentert.

Tiltak

For generell heving av kompetansen viser ein til tiltak bl.a. under kap. 6.4, 6.7 og 6.8.

Fylkeskommunen skal, saman med skognæringa og Fylkesmannen, aktivt medverka til at aktuelle FoU-behov blir avdekkja og utgreidde. Arbeidet bør i størst mogleg grad skje i fellesskap med andre kystfylke og FoU-institusjonar.

6.7. Rettleiingsteneste

Skogsektoren langs kysten er av utprega småskala karakter. Skogeigedommane er gjennomgåande små, organisasjonane i skogsektoren er også små og kapitalsvake. Det same gjeld dei fleste foredlingsbedriftene. Som eksempel er det registrert heile 59 000 skogeigarar i dei ni kystfylka.

Kulturen og haldningane har stor innverknad på kva ein kan venta å få gjennomført av endringar, og kor raskt det kan gå. Som nemnt er det slikt at der det er manglande kultur på eit område, er det også ofte manglande kompetanse.

Oppfølging av målsetjingane i Meldinga vil krevja langt større fokus på kompetanse i alle ledd, også i tiltaks- og forvaltningsapparatet. Det er difor heilt avgjerande at rettleiingsapparatet blir oppgradert.

Eigedomsstrukturen, organiseringa av sektoren og den småskala foredlingsstrukturen gjer at kompetansen alltid er på etterskot i sektoren. Tidlegare kunne dette i noko mon vegast opp av rimeleg god kompetanse i den offentlege skogforvaltninga på kommune- og fylkesnivå. Dette er no endra fordi det offentlege tiltaks- og forvaltningsapparatet er bygd kraftig ned.

I Rogaland er sum årsverk innan offentlig skogforvaltning halvert siste ti åra! I den same perioden er fagområdet skogbruk utvida til i større grad også å gjelda foredling (sagbruk og bioenergi) og juletre- og klippegrøntproduksjon. Dessutan krev forvaltninga av miljørestriksjonane stadig meir tid og kompetanse.

Redusert kompetanse og ressursar i offentlig skogforvaltning slår direkte ut på høve for enkeltskogeigaren og andre aktørar i skogsektoren å få fagleg hjelp og rettleiing. Det blir færre skogdagar, skogkveldar, Aktivt Skogbrukskurs osv. Også aktiviteten i lokale skogeigarlag er dels avhengig av offentlig motivering og støtte, noko som tidlegare har auka kompetansen til alle partar.

Også privat rettleiing er mest fråverande i Rogaland. Andelslaget Vestskog har svært få medlemmer i høve til talet på skogeigarar og hovudkontoret ligg i Hordaland. Organisasjonen har lite ressursar til motivering og fagleg rettleiing av medlemmene sine.

Også små foredlingsbedrifter på skogsektoren slit med å halda seg med god kompetanse og innovasjon. Nettverket ut mot større aktørar og andre bransjar er mangelfullt.

Tiltak

I tråd med forslag i Meldinga skal fylkeskommunen greia ut ulike høve for å oppgradera rettleiingsapparatet i skogsektoren, her også organisatoriske spørsmål. Siktemålet skal vera høgare kompetanse og større innovasjonskraft i næringa.

Skognæringa skal, i samarbeid med fylkeskommunen og Fylkesmannen, søkja etablera eit rettleiingsprosjekt overfor skogeigarar.

Delar av arbeidet både med eit oppgradert rettleiingsapparat og eit eige prosjekt overfor skogeigarar, bør føregå i nært samarbeid med resten av kystfylka.

6.8. Ekstern og intern kommunikasjon i skognæringa

Det er stor mangel på informasjon og kompetanse i alle ledd i skogsektoren. Samstundes er det overmåte viktig at skognæringa blir meir synleg i det offentlege rom, bl.a. gjennom positiv medieomtale. Med eit stort potensial for verdiskaping i distrikta, og ikkje minst det store potensialet for å binda og lagra CO₂, burde skogsektoren ha gode utsikter for positiv mediaomtale.

I ei undersøking av Handelshøgskolen BI går det fram at skognæringa er ganske lukka og isolert frå andre næringar, kunnskapsmiljø og storsamfunnet. Låg kompetanse og til dels isolasjon mot omverda medførte også lita innovasjonskraft. Ei næring utan innovasjonspress blir i mindre grad stimulert til oppgradering og fornying, noko som i neste runde fører til stagnasjon.

6.8.1. Kommunikasjonsstrategi

Omdømmebygging handlar også om bli vera synleg. Det er difor viktig at skognæringa i fellesskap går inn for å laga ein plan eller strategi for kommunikasjon, både til bruk eksternt og til intern bruk i skogsektoren.

Verdikjedene i skogsektoren er relativt omfattande, og det vil vera nødvendig med ei grundig kartlegging for å komma fram til målsetjinga for kommunikasjonsarbeidet og tiltak for å nå måla. I dette arbeidet må ein både vurdera ulike verkemidlar og tiltak for å nå aktuelle mål.

Tiltak

Skognæringa, saman med eventuelt andre aktørar, utarbeider felles ekstern og intern kommunikasjonsstrategi for sektoren.

6.8.2. Skognæringsforum

For å ha størst mogleg gjennomslagskraft må heile skognæringa framstå mest mogleg med éi stemme. Dette gjeld både regionalt og samla for heile kystskogbruket. I dag finst det inga slik intern på-tvers-organisering. Det er stort behov for nettverksbygging langs dei ulike verdikjedene, og til dels mellom verdikjeder. For å få til betre samarbeid og større samla styrke, føreslår Meldinga å oppretta skognæringsforum i kvar region/fylke. Desse fora bør organisera seg i eit felles forum for alle ni kystfylka, kalla Skognæringa Kyst.

Hovudoppgåva for slike fora vil vera å ta ansvar for at målsetjingane i Meldinga kan nåast. Meir konkret kan måla vera å:

- etablera formalisert samarbeid som involverer skogverdikjedene i kystskogbruket og som kan ta eit samla ansvar for skognæringa si oppfølging av Meldinga
- følgja opp prioriterte og uprioriterte tiltak i Meldinga, og som skognæringa er ansvarleg eller medansvarleg for
- samarbeida med fylkeskommunen og andre styresmakter om gjennomføring av felles oppgåver
- ta opp nye problemstillingar, utfordringar og tiltak
- sikra samarbeidsstrukturar som kan vara også etter at dei spesielle oppfølgingsprogramma si tid er over

Tiltak

Skognæringa i samarbeid med Fylkesmannen opprettar og driftar eit skognæringsforum med representantar frå verdikjedene i skogsektoren. Jf. også kap. 6.5.

6.9. Oppfølging og tilpassing av nasjonal skogpolitikk

Ein hovudgrunn til at spørsmålet om ei eiga melding om kystskogbruket kom opp, var ei erkjenning av at den nasjonale skogpolitikken ikkje fanga opp alle utfordringane i kystskogbruket. Det er både i forarbeidet og i sjølve meldinga peika på slike eksempel.

Under arbeidet med meldinga har kystskogbruket fått både politisk og finansiell støtte frå politisk leiding i Landbruks- og matdepartementet (LMD). Også til oppfølgingsarbeidet har LMD stilt midlar til disposisjon gjennom ein eigen budsjettpost i statsbudsjettet.

Det er gjennomført ein del større og mindre endringar i skogpolitikken siste 6-8 åra. Desse synest å vera mest tilpassa dei typiske skogstroka i landet. Eksempla nedanfor viser at skogsektoren i Rogaland har tapt på desse omleggingane. Dette er også tilfellet for det meste av kystskogbruket, og tiltaka bør difor i størst mogleg grad vera felles for alle kystfylka.

6.9.1. Lovverket

Det er etter ny skogbrukslov av 2005 med tilhøyrande forskrifter eit innskjerpa krav til forynging etter hogst. Men det synest ikkje vera tatt høgde for at i område med mykje

husdyr i jordbruket og svak kompetanse på skogbruk, blir hogstflatene liggjande brakk med grunnngjeving om at arealet skal brukast til beite. Det er som kjent ingen krav til melding om omdisponering til jordbruk, og heller ingen oppfølging av om arealet blir bruka til jordbruksproduksjon.

Det er i skogbrukslova frå 2005 heller ikkje forbod mot hogst av yngre tilfredstillande skog. Dette har medført utstrakt hogst av plantefelt på høg bonitet minst 20 år før dei er hogstmodne. Dette er alvorleg både for verdiskapinga og for opptaket og lagringa av CO₂.

Lov- og forskriftsverket bør i større grad vera tilpassa våre konkrete utfordringar. Det bør t.d. komma endringar i lov eller forskrift som hindrar at grunneigarar i husdyrområde kan omgå kravet til forynging etter hogst ved å hevda at arealet er omdisponert til beite utan at det blir tatt aktivt i bruk til det formålet. Utviklinga med manglande forynging etter hogst av gran er eintydig, og på grunn av omfanget og høg bonitet vil denne utviklinga bli dramatisk for skogbruket dersom utviklinga held fram over tid. Sidan CO₂-bindinga var ekstrem høg på desse areala, vil utviklinga også vera dramatisk i klimarekneskapen.

Tiltak

Fylkeskommunen saman med fylkesmennene og skognæringa langs kysten tek initiativ overfor Landbruks- og matdepartementet for å tilpassa lovar og forskrifter til utfordringane i kystskogbruket.

6.9.2. Tilskotsordningane

Tilskotsordningane til tradisjonelle investeringar i skogbruket har dei siste 6-8 åra vore ustabile og løyvingane har jamt over vore låge i høve til på 1980- og 1990-talet. Politisk er desse endringane grunngevrne med at skogfondsordninga er blitt vesentleg betre og difor kompenserer for dette.

Det er vidare slik at dei spesielle restriksjonane i regelverket for tilskot til skogsvegbygging (50%-regelen) har vore til særleg ulempe for kystskogbruket med svakt utbygd vegnett.

Delar av kystskogbruket er framleis i ein etableringsfase, og offentlege støtteordningar til primærskogbruket er heilt avgjerande for å nå verdiskapingsmåla i andre enden av verdikjedene. For å oppnå måla vedrørande verdiskaping og klimatiltak som ligg i Meldinga, må tilskotsordningane bringast til eit omfang og med ein stabilitet som gjer at skogeigarane kan ta slike ordningar med i planane sine for investeringar og drift av skogen.

Tiltak

Fylkeskommunen skal saman med fylkesmennene og skognæringa langs kysten ta initiativ mot Landbruks- og matdepartementet for å få eit betre samsvar mellom vedtatt kystskogpolitikk og behovet for og innrettinga av offentlege løyvingar.

6.9.3. Skogfond og skatt

Det har både før og etter siste endringane i skogfondsordninga blitt hevda at skogeigarane no er gjort i stand til å ta det meste av investeringskostnadene i skogbruket sjølve ved å bruka eigne midlar gjennom skogfondet og såleis spare mykje skatt.

Faktum er at skogfondsordninga verkar ulikt gunstig alt etter den situasjon den enkelte skogeigar er i. Generelt gir skogfondsordninga lite hjelp for skogeigarane i typiske skogreisingsstrok. Det er berre eit lite mindretal av skogeigarar langs kysten som har god hjelp av skogfondsordninga. Denne ordninga kan difor ikkje medverka til nokon stor aktivitetsauke i typiske skogreisingsstrok, slik det meste av Rogaland er. Skattemessig ville eit botnfrådag i skogbruksinntekta (slik som i jordbruket) hatt ein større positiv effekt på investeringsviljen i vårt fylke.

Tiltak

Fylkeskommunen saman med andre aktørar i kystskogbruket informerer sentrale styresmakter om den faktiske situasjonen i kystskogbruket med omsyn til bruk av skogfondsordninga i investeringssamanheng.

6.9.4. Miljøtilpassingane

Det er også eksempel på at miljøtilpassingane i regelverket går spesielt hardt utover skogreisingsstroka. Kravet om innblanding av lauv i plantefelta slår for eksempel mykje sterkare negativt ut i skogreisingsområda der forskjellane i volum- og kvalitetsproduksjonen mellom treslag er langt større enn i skogstroka.

Sidan val av rett treslag er heilt avgjerande for kvalitetsproduksjon i Rogaland, er det også eit alvorleg hinder at det er restriksjonar på nettopp dette – og at det er fare for ytterlegare restriksjonar gjennom nytt lovverk.

I område med eit til no svakt utbygd skogsvegnett vil også restriksjonane rundt såkalla inngrepsfrie område (INON) kunna vera eit alvorleg hinder for verdiskaping og sysselsetting basert på fornybare og klimavennlege skogressursar.

Miljøtilpassingane i regelverket må gjennomgåast på nytt med tanke på dei spesielle utfordringane i kystskogbruket. For reglane om lauvinnslag i plantefelt sin del bør det vurderast å sjå eit større område under eitt. Ved å konsentrera planting av granartar i reine plantefelt, og samla lauvskogdelen i større bestand, sikrast biologisk verdifulle større, samanhengande lauvskogar, framfor fragmenterte lauvholt. Dei fleste bygder har overvekt av lauvskog, og dei små plantefelta (oftast mellom 5 -20 daa) bør så langt som mogleg vera fri for lauvskog grunna kvalitet og produksjon.

Ei ytterlegare innskjerping i krav til stadeigne treslag ved forynging etter hogst vil vera sterkt aktivitetshemmande, og vil dessutan medverka til vesentleg mindre CO₂-binding.

Med eit stort vegbyggingsbehov for å nå i hogstmoden skog, er det viktig at miljørestriksjonane er føreseielege og rimelege. Det bør bl.a. vera grunnlag for å sjå på moglege nye definisjonar av såkalla "Inngrepsfrie område", slik at dette omgrepet ikkje stoppar verdiskapinga på areal som ikkje har spesielle biologiske kvalitetar.

Tiltak

Fylkeskommunen skal saman med skognæringa og Fylkesmannen arbeida for å finna praktiske kompromiss mellom ulike miljøomsyn og ei auka verdiskaping med grunnlag til fornybare skogressursar.

6.9.5. Verdiskapingsprogramma

For å nå Stortinget sine mål om auka bruk av trevirke til byggjeri og til bioenergi, er det utvikla to verdiskapingsprogram:

- *Trebasert innovasjonsprogram* – for støtte til nyskaping innan alle former for bruk av trelast til byggjeri og trebrukande industri
- *Bioenergiprogrammet* – for støtte til produksjon og bruk av bioenergi, først og fremst innan landbruket

Desse programma har fungert i fleire år, og resultata kan vi bl.a. sjå i statistikken over forbruk av midlane. Minimalt av dei sentrale tilskotsrammene er allokert skogsektoren i Rogaland (eller kystskogbruket elles). Dette skuldast ikkje mangel på behov for slike midlar, men innretninga av programma og kravet til søkjarane.

I skogreisingsstrok er som tidlegare nemnt næringa svært småskalaprega, med svak kompetanse og lite tilgang på kapital. Utvikling av skognæringa i vårt fylke krev andre tiltak enn ei meir storskala og moden næring i skogstroka. Dei aktuelle verdiskapingsprogramma er mest tilpassa skogstroka, og difor viser også statistikken at

brorparten av løyvingane går dit.

Lokal foredling av skogsvirke er heilt avgjerande for å nå måla i Meldinga om verdiskaping og klimaeffektar. Det vil difor vera viktig å tilpassa dei aktuelle verdiskapingsprogramma, og eventuelt andre ordningar som måtte komma, til utfordringane i vårt fylke/region. Dette gjeld ikkje minst krava til søkjar, og det gjeld kravet om at storparten av midla skal vera direkte bedriftsretta. I skogreisingsstrok må ein større del av løyvingane brukast på motivering, tilrettelegging og nettverksbygging.

Ein annan viktig føresetnad for kostnadseffektiv bruk av desse programma er høgare kompetanse og meir ressursar i tiltaks- og forvaltningsapparatet.

Tiltak

Fylkeskommunen skal saman med fylkesmennene og skognæringa langs kysten ta initiativ mot Landbruks- og matdepartementet for å få eit betre samsvar mellom faktiske behov i kystskogbruket og innretninga av dei to verdiskapingsprogramma. I dette ligg også ønske om eit meir velfungerande tiltaks- og forvaltningsapparat på området.

6.10. Oppfølging av fellesprosjekta i kystskogbruket

Meldinga legg opp til at for alle tiltak der det er rasjonelt å følgja opp i fellesskap, skal ein leggja til rette for prosjektretta felles oppfølgingsarbeid. Dette arbeidet er påstarta, og fleire prosjekt er aktive, og andre er under oppstart i løpet av 2009. Prosjekta hittil er for ein stor del finansiert med midlar over statsbudsjettet.

Dei aller fleste fellesprosjekta krev konkret regional og fylkesvis (og til dels kommunevis) oppfølging for å få tilsikta utbyte i det enkelte fylke. Alt etter formål og innretning på fellesprosjekta er det behov for ulike aktørar på fylkesnivå og eventuelt i kommunane.

Tiltak

Hovudaktørane i fylket, dvs. fylkeskommunen, skognæringa og Fylkesmannen, skal i samarbeid aktivt følgja opp fellesprosjekta, slik at Rogaland får best mogleg utbyte av dei felles prosjektsatsingane. I dette ligg også at nødvendige midlar må stillast til disposisjon for prosjektgrupper, faggrupper mv.



Skog har mange verdier utanom tømmerstokken og klimagevinstar.

7. Aktuelle tiltak for oppfølging av prioritert aktivitet 2010 – 2013

Fylkesmannen har ansvar for å etablere ein samarbeidsarena, der fylkeskommunen, Fylkesmannen, kommunane og skognæringa kan fordela ansvar og oppfølging av kvart tiltak.

Referanse handlingsplan	Tiltak	Oppstart*	Ferdigstilt*
6.1	Oppretta eit klimaskogprogram for kystfylka		2013
6.2. mfl.	Sikra tilstrekkelege tilskotsordningar innanfor skognæringa	2010	
6.2	Ajourføra flaskehalsundersøkinga av offentleg vegnett Vurdera nytte og kostnad ved utbetring av flaskehalsene, og følgja opp med klare målsetjingar for kommande 10-års periode		2011
6.2	Sikra utarbeiding av kommunale hovudplanar for skogsvegar, samla vegplan for Rogaland og samla vegplan for kystfylka.		2013
6.2	Styrka kompetansen på vegplanlegging i fylket	2010	
6.3	Sikra dei beste skogproduksjonsareala til skogproduksjon	2010	
6.3	Gjennomføra kontroll og oppfølging av forynging og skjøtsel etter hogst	2010	
6.3	Arbeida for optimal forvaltning av offentlege tilskot i skogbruket	2010	
6.3	Kartleggja reell bruk av areala etter hogst	2010	
6.3.	Sikra bruk av høvelege treslag til oppbygging av klimaskogar og ordinært skogbruk i kyststrok	2010	
6.4	Få på plass eit tilfredstillande utdanningstilbod innan skogbruk og vidareforedling		2013
6.4	Arbeida for ein langsiktig og føreseieleg skogpolitikk tilpassa landsdelen	2010	
6.4, 6.7	Arrangera skogeigarkurs i skogfond, driftsøkonomi mv.	2010	
6.5	Vedta retningslinjer som sikrar overgang til bioenergi i aktuelle fylkeskommunale bygg	2010	2010
6.5.	Følgja opp og støtta arbeidet i Rogaland treforum og Bioenergiforum Sørvest	2010	
6.5.	Arbeida for lokal massivtre-elementproduksjon og andre initiativ for lokal foredling	2010	
6.5	Synleggjera tilgjengelege offentlege ressursar til bioenergi	2010	
6.5	Arbeida for betre rammevilkår for produksjon og bruk av bioenergi	2010	
6.5	Arbeida for fagleg utvikling og ekspansjon i pyntegrøntnæringa	2010	
6.6	Avdekka og greia ut aktuelle FoU-tiltak for skogsektoren i Rogaland	2010	
6.7	Utarbeida ein strategi for å sikra tilstrekkeleg økonomi, kompetanse og kapasitet i rettleiingstenesta	2010	
6.7	Etablere eit rettleiingsprosjekt overfor skogeigarar		2011

6.8	Utvikla ein felles ekstern og intern kommunikasjonsstrategi for sektoren	2010	
6.8	Oppretta og drifta eit skognæringsforum for Rogaland	2010	
6.8	Skapa ein arena for god kommunikasjon mellom forvaltning, skognæring, miljø- og friluftsansjasjonar		2011
6.8	Leggja til rette for friluftsliv i bynære skogsområde	2010	
6.9	Ta initiativ mot sentrale styresmakter for å få eit betre samsvar mellom politikk, målsettingar, behov, løyvingar og rammeverk	2010	
6.9	Sikra område som er spesielt viktige for biologisk mangfald	2010	
Alle	Regionalt oppfølgingsprosjekt for kystskogbruket – "Verdiskaping og CO2-binding i Rogalands-skogbruket"	Aug 2009	Aug 2012
Fleire	Følgja opp fellesprosjekt for kystfylka	2010	
Fleire	Proaktiv deltaking i Fylkeskommunalt oppfølgingsprogram	2010	
Fleire	Leggja til rette for auka foredling og bruk av kortreist trevirke	2010	
Fleire	Vidareutvikla og initiera nye regionale prosjekt for auka bruk av trevirke	2010	
Fleire	Innarbeida skoginteressene i arealplanar	2010	

* med atterhald om at tidsplanen ikkje kjem i konflikt med budsjett eller andre vedtaksdokument.

